

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Arne Gunleiv Haugsvær  
Roslandsvegen 1161  
5918 FREKHAUG

Fløksand, 30.09.14

Tilbakemelding ang. «Arealdelen av kommuneplan» for Fløksand/ Ryland.

Eg har nokre innvendinger når det gjeld det planlagde næringsområdet i Rylandsområdet og nytt bustadområde på Ryland/ Eikeland.

Pkt. 1: Infrastrukturen forbi Fløksand er ikkje i ein slik standard at ein kan ha auka biltrafikk der. Det er også ein del barn som går til/ frå skulebussen på denne strekinga. Auka biltrafikk, som det vil verta av industriområdet og nytt stort bustadområde, vil også gå ut over livskvaliteten til oss som bur langs traséen.

Pkt. 2: Vegen forbi Fløksand kan ikkje byggjast ut i noverande trasé, pga. grunnforholda som er i dette området. Her er det mykje leire/ kvikkleire og store djupneforhold, og demed ustabile massar.

Pkt. 3: Skal sikkerheit og helse vera i fokus, som Meland kommune seier, må vegen etter vår meining leggjast om i ein heilt ny vegtrasé. Denne vegtraséen må då gå inn ein stad ved Smugleitet og koma ut att ein stad ved Hundetjørna. Dette for å få stabile grunnmassar å leggja vegen på.

Pkt. 4: Eg vil også ha fjerna reguleringsplan for parkeringsplass ved golfbana mot fjæra/ sjøen, i alle fall på bruk 5/3 (5/158). Men aller helst for heile det området pga. grunnforholda og sikkerheita.

Lurer de på noko ang. dette må de gjerne ta kontakt med meg, tlf. 91336619,

Med vennleg helsing

Arne Gunleiv Haugsvær

Vedlegg: Kart ang. forslag til kor ny vegtrasé kan gå.